DMF forventer at det utarbeides en massehåndteringsplan som gjør rede for masseregnskap, bruk av overskuddsmasser, areal for massehåndtering og identifisering av kvalitet på masser. I varslingsbrevet og silingsrapporten gjøres det rede for at overskuddsmasser fra veiutbyggingen skal benyttes til å etablere jordbruksareal. Det går også fram at det ved vedtak av korridor skal arbeides videre med massehåndtering, terrengtilpasning og plassering av masseoverskudd. I dette arbeidet må det inngå en vurderes om massene kan benyttes til andre samfunnsnyttige formål, som for eksempel byggeråstoff i nærliggende prosjekter. Disse vurderingen må baseres på kunnskap om massenes kvalitetsmessige egenskaper. DMF kan ikke se av silingsrapporten at det er planlagt å gjennomføre slike undersøkelser.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på www.dirmin.no. Her finner du også vår digitale kartløsning, som er et nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettigheter m.m., supplert med relevante kartdata fra andre etater.



Vennlig hilsen

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleder

Kristina Elise Krøvel
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Kristina Elise Krøvel

Mottakere:

SWECO Norge AS

Postboks 80 Skøyen

0212 OSLO

Kopi til:

Nye Veier AS

Tangen 76

4608 KRISTIANSAND S



Sweco Norge As
Postboks 80 Skøyen
0212 Oslo

Deres ref.

Vår ref.
21/172 - 56

Dato
15.05.2025

Høringsinnspill- varsel om oppstart nye E 39 Bilstad- Bue

Bjerkreim kommune viser til varsel om oppstart av detaljregulering for nye E39 Bilstad- Bue, med utsatt høringsfrist til 15.05.2025. Formannskapet i Bjerkreim har i møte 14.05.2025 vedtatt følgende høringsinnspill til varsel om oppstart (sak 015/25):

Lokalisering og veikorridor er avklart i vedtatt statlig kommunedelplan (KDP) E39 Lyngdal vest-Ålgård, og eksempellinjen fra KDP er vurdert som ett av alternativene. I arbeidet med strekningen har Nye Veier også vurdert om det er andre korridorer som er mer samfunnsøkonomisk fordelaktige og fører til mindre konsekvenser for ikke-prissatte verdier enn kommunedelplankorridoren.

En alternativ trase som er vist er den blå linjen som legger opp til kryss på Bjerkreim. Det er vist til at dette alternativet ikke er like godt utredet som traseene som allerede ligger i korridoren, men at utredningsarbeidet vil skal starte opp.

Samfunns målet er at ny E39 «skal etableres med best mulig samfunnsøkonomisk lønnsomhet og begrensede negative konsekvenser for omgivelsene. Ny E39 skal være en trafiksikker og robust vei som forenkler reisehverdagen og fremmer lokal og regional utvikling».

Bjerkreim kommune deler Nye Veiers vurdering av at negative konsekvenser for omgivelsene må tillegges stor betydning ved valg av linje. Vi mener også at nedkorting av kjøreveg vil være svært viktig.

Bjerkreim kommune ønsker at veien blir bygd som 4 felts og anbefaler ikke at det på nytt vurderes 2/3- felts vei.

Bjerkreim kommune ønsker at anleggsparsellene som delstrekket vurderes delt opp i, bygges samtidig og ikke over en lengre periode.

Det er særlig to ting kommunedirektøren vil peke på i forhold til blå linje (alternativ 3-3)

- 1. Hvordan nye E39 kan bidra til å fremme lokal utvikling, og*
- 2. Negative konsekvenser for omgivelsene.*

Kommunen avgir store arealer til veien. Selv om Nye Veier ikke ser det som sin oppgave å

drive sentrumsutvikling, og utvikle næringsområder, ber vi om at de samarbeider med kommunen om denne type utvikling. Som Rogaland fylkeskommune viser til, så vil plassering av kryss kunne føre til ytterligere utbygging i tilknytning til disse. Kryss bør lokaliseres der de kan gi en samfunnsmessig gevinst, med lavest mulig konflikt.

For den blå linjen vil det være avgjørende at kryss for av og påkjøring til nåværende E39 – planlegges med tanke på best mulig adkomst til nåværende industriområde på Røysland, samt til innspilt nytt industriområde knytt til bruk av fyllmasser fra tunell (forslått massedeponi 18, 19 og 20). Vi støtter at dette området videreutvikles som næringsområde, og mener en tilrettelegging og realisasjon av dette vil styrke verdien av blå linje.

Dersom blå linje blir valgt, må en tilrettelegge for at reisene enkelt kan bruke Vikeså sentrum som rekreasjons, lade og handleområde. Her er fasiliteter i dag, som kan styrkes ytterligere for å gjøre området attraktivt for reisende. Eksisterende parkområder kan videreutvikles som en attraktiv og spennende rasteplass. Det vises til samhandlingen en har gjort ved rasteplassen «Sukkertoppen» i Brummunddal, der rasteplass har tilknytning til Brummunddal, Mjøsparken, båthavn, Mjøstårnet og Mjøsa (E6)

Kommunen er enig i at den samlede samfunnsnytten må være bestemmende for valg av linje, men mener at det må utredes et alternativ på den blå linjen som tilrettelegger for avkjørsel/kryss til Vikeså. Nye Veier har anført at dagsonen på den blå linjen vest for Vikeså blir for kort til å få til et kryss, men at det vil være mulig å søke om unntak for dette:



Den største innvendingen mot å ha krysset lenger nord, foruten støyproblematikk, hensynet til sensitive arter og utfordringer knyttet til kryssing av Odlandshølen, synes å være påkobling av trafikken fra Egersund. Fra Egersund til Krossmoen er det ca. 10 km. Sørgående trafikk fra Egersund kan koble seg på nye E39 ved ev. kryss ved Hagatjørn via Fv. 426 og eksisterende E39. Nordgående trafikk fra Egersund kan koble seg på et kryss vest for Vikeså, via eksisterende E39.

Bjerkreim kommune mener også at man i vurderingen må ta hensyn til at området rundt et vegkryss på Bjerkreim vil bli et pressområde i forhold til landbruksjord. Nye Veier har signalisert at et kryss vil bli langt større enn selve vegtraseen. Utvidelser/ etableringer i tilknytning til krysset vil innebære arealbeslag i fulldyket jord. Mesteparten av de aktuelle

arealene ligger øst for krysset (i vest er handlingsrommet mer begrenset pga hensynet til verna vassdrag). Nibio gårdskart viser at arealene vest for krysset for det meste er fulldyrka jord:



Ønske om kryss på Vikeså, som ble endelig tatt inn i KDP, hadde utspring i et ønske om å utnytte eksisterende sentrum som serviceområde for E39. Det er for Bjerkreim viktig at kryss på Bue blir skånet for press om utbygging. Det var og for Bjerkreim kommune sterkt ønskelig å unngå at kryss ble lagt i landbruksområdene i Holmen. Sentrumsområdet på Vikeså kan utvikles slik at press mot landbruksarealer rundt andre kryss kan tas ned. Det er og viktig i det videre utredningsarbeidet med rød linje, ses på samhandling med næringsområdet på Røysland. For industriutvikling vil dette området også ligge nært til kryss, selv om dette kommer på Vikeså.

For rød linje vil bruken av Vikeså sentrum som rekreasjons, lade og handleområde være selvsagt. Det samme gjelder mulighetene og ønsket om å videreutvikle området, ref omtale om rasteplassen «Sukkertoppen» ved blå linje.

Kommunen mener også at det i videre utredninger må vurderes om veien kan legges på bro i større strekninger. Dette er kanskje dyrere, men prisen vil oppveies av et betydelig mindre terrenginngrep/ arealbeslag. En løsning med bro vil derfor ivareta hensynet til natur og klima, og hensynet til den nasjonale jordvernstrategien, på en bedre måte. Det er et nasjonalt mål at den årlige omdisponeringen av dyrka jord ikke skal overstige 2 000 dekar, og at målet skal være nådd innen 2030.

Etter dette mener kommunen at blå linje må utredes for et kryssalternativ nærmere Vikeså, og at alle alternativene utredes for mulige broløsninger, særlig der veien skal krysse elver og landbruksjord.

Bjerkreim kommune ønsker sterkt at det blir bygget tunell i Runaskaret, og at dette strekket ikke går i dagsone.

Bjerkreim kommune ber om at innspill til foreslått trasé Blå linje ved Odland i Bjerkreim vert

vurdert som et alternativ. Det vises til befarig 27.03.25 med Runar Holvik og Espen M. Drange, innspillet som ble signert av innbyggere i Odlandsvegen og Oremovegen.

Bjerkreim kommune ber om at en ser på muligheten for kryssløsning på blå linje i mer nordlig retning, på andre siden av Bjerkreimselva.

Kommunen stiller seg for øvrig bak NVE og Statens vegvesen sine høringsinnspill, men stiller spørsmål til om plassering av en ny kontrollstasjon bør vurderes på bakgrunn av plassering av nytt kryss på Vikeså eller Bjerkreim. En kontrollstasjon bør inngå i Nye Veier sin plan, sammen med alle andre lovpålagte funksjoner langs veien.

Bjerkreim kommune ønsker at det blir avsatt areal til rasteplass i kommunen, og mener at kommunen har utallige muligheter for å tilby en samlepakke med naturopplevelse, aktivitet, fiske, lading, handlemuligheter etc.

I tilknytning til et fremtidig kryss i kommunen er det også ønskelig med etablering av ladestasjoner for tungtransport.

Næringsforeningen har spilt inn at krysset ved blå linje, formelt sett bør hete "Bjerkreimskryss" (forutsatt at plasseringen blir som vist på blå linje). Dette kan forsvares geografisk med at det er del av en av "Bjerkreimsgardane". Argumentet er at Bjerkreimsnavnet vil ha en mye større "merkeverdi" enn Gjedrem/Oremo el. Vi vil da jobbe for et Bjerkreimskryss og et Vikesåkryss, alt etter hvor vi lander med traseen.

Beredskap: I forhold til utarbeidelse av planprogram bør beredskap være et særskilt vurderingstema. Man bør se på muligheten for å benytte tverrslag i tunneller som fremtidige tilfluktsrom/bomberom.

Avslutningsvis vil vi nevne at kollektivtilbudet vil gå på ny E39, og derfor kan et kryss nærmere Vikeså bidra til at folk i større grad vil benytte seg av kollektivtransport.

Bjerkreim kommune sin uttalelse til varsel om oppstart er ikke uttømmende. Når planprogrammet og planforslaget blir lagt ut til offentlig ettersyn, kan vi komme med ytterligere innspill og merknader.

Dette vedtaket kan påklages etter reglene i § 28 i Forvaltningslova. En eventuell klage må være skriftlig og begrunnet, og må være Bjerkreim kommune i hende innen 3 uker fra dette brevet er mottatt. Partene har også rett til dokumentinnsyn etter § 18 i Forvaltningslova.

Med hilsen

Siri Nedrebø
leder teknisk forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til
Nye Veier AS
Sweco Norge AS v/Espen
Motzfeldt Drange

Kjøita 6

4630

KRISTIANSAND S

Mottakere
Sweco Norge As

Postboks 80 Skøyen

0212

Oslo

KOP1



SWECO NORGE AS
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Kontakt saksbehandlar

Marita Skorpe Falnes, 51568894

Fråsegn - oppstart - reguleringsplan - Bjerkreim Eigersund Lund - detaljregulering for E39 Bilstad - Bue

Vi syner til varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering for E39 Bilstad – Bue.

Saka gjeld

Oversendinga gjeld varsel om oppstart av detaljregulering for E39 på strekninga frå Bilstad i Lund kommune til Bue i Bjerkreim kommune. Detaljreguleringa råkar areal i tre kommunar: Lund, Eigersund og Bjerkreim, og gjeld ein strekning på over 25 km i luftlinje. Dagens E39 er 37,3 km på denne strekninga. Planen skal utarbeidast som detaljregulering med konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar kap. 2. Det skal og utarbeidast planprogram etter plan- og bygningslova § 4-1. Det er i denne omgang berre varsla oppstart av planarbeidet. Planprogram vil bli sendt på høyring seinare.

Ny E39 skal etablerast med best mogleg samfunnsøkonomisk lønnsemd og avgrensa negative konsekvensar for omgjevnadene. I Nye Veier sin porteføljeprioritering er denne parsellen vurdert til å ha god samfunnsøkonomisk lønnsemd, og vil derfor etter at reguleringsplan er vedtatt vere eitt av fleire aktuelle prosjekt som vil bli vurdert for utbygging. Trafikktryggleik, naturfare, framkomme og reisetid er vurdert som dei største utfordringane på dagens E39. I tillegg til å arbeide med å finne kostnadseffektive løysningar for ny E39, er det identifisert viktige verdiar som må takast i vare på strekningen, slik som vassdrag, landbruksjord og verdifullt naturmangfald.

Ny E39 skal vere ein trafiksikker og robust veg som forenkler reisekvardagen og støttar lokal og regional utvikling. Den vedtekne statlege kommunedelplanen for E39 Lyngdal vest – Ålgård frå 2021 ligg til grunn for reguleringsplanarbeidet. Det er utarbeida ein silingsrapport over alternative traséar på strekninga, og Sweco ber om innspel på denne i samband med planoppstart. Det er føreslått å greie ut fleire alternativ vidare fram mot fastsetting av planprogram. Nokre av desse alternativa går utanfor den vedtekne korridoren, jf. den statlege kommunedelplanen. Dette er gjort for å mellom anna ta betre omsyn til naturmangfald, dyrka jord og kulturlandskap.

Nye Veier føreslår å presentere eit alternativ som skal konsekvensutgreiast og inngå i planforslaget når planprogrammet blir sendt på høyring. Område for masselager skal greiast ut som ein del av



reguleringsplanarbeidet. Nye Veier ber om innspel på aktuelle jordforbetringstiltak som kan nytta overskotsmassane frå vegprosjektet.



Figur 1 Kart som viser varsla plangrense.

Tidlegare dialog og fråsegn

Vi har allereie hatt dialog både med Nye Veier og kommunane i samband med arbeid med detaljregulering for vegstrekninga, og tidlegare gjennom arbeid med statleg kommunedelplan for heile strekninga frå Bollestad til Lyngdal Vest. Vi syner særleg til vår fråsegn til statleg kommunedelplan for E39 Bollestad – Lyngdal Vest då denne var på høyring. Vi har også vore med i fleire møter i ekstern samarbeidsgruppe i regi av Nye Veier.

Våre innspel til planarbeidet

Med bakgrunn i dei nasjonale og vesentlege regionale omsyna vi er sett til å ta i vare i saker etter plan- og bygningslova, har vi følgjande innspel til planarbeidet:

Planprosessen

Varsel om planoppstart markerer den formelle starten på arbeidet med detaljregulering for E39 Bilstad - Bue. Oppstartsfasen er i dette planarbeidet delt i to:

- Fase 1 (no) gjeld varsel om planoppstart og høyring av silingsrapport med alternative veglinjer og moglege område for masselager.
- Fase 2 (seinare) gjeld høyring av planprogram med anbefaling av veglinje og mål for planarbeidet. Planprogrammet er venta sendt på høyring 4. kvartal 2025.



Vår fråsegn no går derfor i hovudsak på planoppstart og silingsrapport, men vi gir og nokre innspel som kan vere til hjelp i utarbeidinga av planprogram og utgreiingstema. Når det gjeld nivå på utgreiingar i silingsrapporten er desse på eit overordna nivå. Vi har derfor ikkje eit detaljert kunnskapsgrunnlag som grunnlag for vår fråsegn no, og kan ikkje ta stilling verken til kva traséalternativ eller kva område for masselager som står fram som dei beste på dette stadiet.

Vegprosjektet vil gi vesentlege negative konsekvensar både når det gjeld natur, landskap og jordvern. Vidare planarbeid må difor ha stort fokus på val av det alternativet med minst mogleg negative konsekvensar, og på å avgrense og avbøte dei negative konsekvensane uavhengig av kva alternativ som blir med vidare i planarbeidet.

Slik vi forstår oversendinga skal vidare utgreiing av alternativa i silingsrapporten skje før planprogrammet blir sendt på høyring. I planprogrammet vil traséen som skal inngå i planforslaget og konsekvensutgreiing bli presentert. Det vil derfor ikkje bli gjennomført ei full konsekvensutgreiing av meir enn eit alternativ. Vi vil uttrykke ein skepsis til denne framgangsmåten. Sjølv om det blir gjort ei innleiande siling, vil dei ulike traséane ikkje bli detaljert utgreidd. Vi legg til grunn at dersom denne framgangsmåten blir følgt, så er det fordi det går heilt klart fram av den innleiande silinga at det er eit alternativ som står fram som det klart beste. Viss det er usikkerheit knytt til val av alternativ etter den innleiande silinga, ber vi om det blir gjort ei full konsekvensutgreiing av dei alternativa som står fram som «konkurrerende» alternativ. Vi vil følgje opp denne problemstillinga når planprogrammet kjem på høyring.

Målsettingane for planarbeidet

Jf. varsel om oppstart av planarbeidet kan føremålet med planarbeidet sorterast på tre hovudtema:

- Trafikktryggleik, med reduksjon i tal på ulykker med drepte og hardt skada, og auka føreseielegheit
- Økonomisk lønnsemd, med redusert reisetid og kostnadseffektiv ressursbruk i levetidsperspektivet
- Ytre miljø, med avgrensing av påverknad på miljø og klima

I vurderingane av kostnader knytt til prosjektet ber vi om at tap av landbruksjord og produksjon knytt til desse, og økonomiske kostnader knytt til auka klimagassutslepp og reduksjon i opptak av klimagassar som følgje av prosjektet si arealbruk blir tatt med i vurderingane. Vi er samde i at trafikktryggleik er viktig å ivareta i prosjektet, men standard på vegen må vurderast opp mot konsekvensane.

Vegstandard

Ny E39 er prosjektert som ein «smal» firefeltsveg med dimensjoneringsklasse H3 og fartsgrense 110 km/t. Jf. silingsrapporten vil det ut frå trafikkmengd ikkje vere aktuelt å vurdere andre alternativ enn firefeltsveg frå nytt kryss i Bjerkreim og vest-/nordover. Trefeltsveg med midtdelar kan vere eit alternativ på strekningar med mindre trafikk. Ut frå trafikkmengda på strekninga frå Bilstad til nytt kryss i Bjerkreim kan denne delen av strekninga vurderast for slik løysing. I silingsrapporten er det konkludert med at ein ikkje ønsker ei slik løysing, mellom anna av omsyn til færre skifte i standard, og fordi variasjonen i årsdøgntrafikk (ÅDT) over året og veka er stor på denne strekninga. Det er og argumentert med trafikktryggleik, framkomme og usikkerheit knytt til reduksjon i arealbeslag. Vi ber om at dette blir vurdert i det vidare planarbeidet. Redusert fartsgrense vil gi reduksjon i arealbeslag fordi krav til kurvatur og breidde på vegen blir lågare. Dette er og i tråd med vårt faglege råd i fråsegn til høyring av den statlege kommunedelplanen for E39 Bollestad – Lyngdal Vest.



Arealstruktur, plassering av kryss og sidevegnett

Endeleg val av vegtrasé og plassering av kryssområde vil ha stor påverknad på den framtidige arealutviklinga langs strekningen. Samfunns målet med vegprosjektet omfattar mellom anna at vegen skal fremme lokal og regional utvikling, og ha avgrensa negative konsekvensar for omgjevnadene. Vi har registrert gjennom media at grunneigarar allereie har kome med innspel om ny arealbruk i tilknytning til nye kryssområde. Det er derfor viktig at kryssplassering blir vurdert ut frå omsynet til eit større omland. Sjølv om ikkje planforslaget for vegstrekninga kan greie ut konsekvensane av ny arealbruk som ikkje er avklart ennå, er det viktig at kryssplasseringa blir vurdert både opp mot ei ev. påverking på utviklingsmoglegheitene for eksisterande sentrumsområde, og presset på omdisponering av nye areal til næringsverksemd nært opp til nye kryss.

Det går ikkje klart fram av varsel om oppstart av planarbeidet om det også skal omfatte vurderingar rundt tilkopling av sidevegnett og behov for utbetring av dette. Det er viktig at utviding av eksisterande vegar, og behov for nye sidevegar, blir vurdert grundig for ikkje-prisette konsekvensar, og at desse også inngår i arealrekneskapen for tap av jordbruksjord, naturområde og karbonrike areal. Vidare er det viktig i utgreiingsarbeidet å kartlegge skulevegar og kor barn og unge ferdast, for å sikre eit sidevegnett og gang- og sykkelstiar som tek i vare denne gruppa særskilt.

Vi legg til grunn at planarbeidet sikrar moglegheitene for auka bruk av kollektivtransport på strekninga. Ny E39 vil krysse jernbanen. I planarbeidet må det finnas løysingar som i best mogleg grad tek i vare omsynet til jernbanen, både i anleggsperioden og for framtidig drift, vedlikehald og oppgradering. Det er viktig for at jernbanen skal framstå som eit attraktivt og reelt alternativ til vegtransport for både gods- og persontransporten på strekninga. God tilrettelegging for bruk av buss som eit alternativ til bil må og sikrast.

Jordvern

Då vi uttalte oss til den statlege kommunedelplanen understreka vi kor viktig det er at jordvern får prioritet ved val av trasé og i den endelege detaljeringa av vegen. Konflikt med jordvernet er blant dei største negative konsekvensane av dette vegprosjektet. Med stadig skjerping av føringar knytt til jordvern, er dette ikkje blitt mindre viktig sidan den statlege kommunedelplanen ble vedteken. Vi vil her og understreke at verdien av beiteareal ikkje må undervurderast.

Det er naturleg at grunneigarar som blir råka av vegtraséen vil ønske at Nye Veier i planarbeidet peikar på aktuelle areal for nydyrking når dyrka jord går tapt. Nydyrking kan vere eit eigna kompensierende tiltak i område med lite konflikthar sett opp mot andre interesser i området. Det er likevel viktig at konsekvensane av nydyrking for tema som hydrologi, flaumdemping, biologisk mangfald og landskap blir vurdert. Det er derfor og naudsynt at område for nydyrking blir avklart i planforslaget, slik at dei samla konsekvensane av vegprosjektet blir klargjort.

Nydyrking og etablering av nytt jordbruksareal på fylling vil aldri kunne erstatte eit eksisterande jordbruksareal som er opparbeidd gjennom ordinær jordbruksdrift. Eit «konstruert» jordsmonn vil ikkje ha dei same gode jordbruksegenskapane som eit naturleg jordsmonn. Vidare vil også lokaliseringa av nytt jordbruksområde takast med i vurderinga. Det er ikkje gitt at nytt jordbruksareal vil kunne erstatte nedbygd jordbruksareal med omsyn til rasjonell drift eller avstand frå gardstunet. Eit nytt veganlegg i eit aktivt landbruksområde kan også ha store konsekvensar knytt til eigedomsstruktur. Dette må og vurderast i planarbeidet. Der landbruksegedomar blir oppdelt av ny veg, kan det oppstå behov for nye kryssingar. I denne samanheng er det viktig at vegbyggjar tar initiativ til makebytte/jordskifte.



Naturmangfald

Etter at den statlege kommunedelplanen blei vedteken i 2021 er det i fleire samanhengar gjennomført alternativsvurderingar og undersøkt gjennomgåande linjer og lokale løysningar for ny E39 på strekninga Bilstad-Bue, både innanfor KDP-korridoren og utanfor. Det er mange stader utført grunnundersøkingar, kartlagt naturmangfald- og kulturminneverdiar og på andre måtar følgd opp arbeidet frå den tidlegare planfasen. Kunnskapsgrunnlaget innanfor naturmangfald har blitt styrka innanfor KDP-korridoren. Nye Veier har derfor gjort søk etter alternative veglinjer vest for KDP-korridoren som unngår dei nye verdiområda.

Det er positivt at det blir sett på optimalisering av traséval, også utanfor korridoren frå vedtatt kommunedelplan, når det no er kome ny kunnskap om verdiar innanfor den vedtekne korridoren. Det er likevel viktig å ha med i vurderinga at det ikkje er gjort nye detaljerte kartleggingar i områda som blir råka av dei alternative løysingane, og at konsekvensgraden derfor ikkje er avklart. Dette er ein av grunnane til at det kan vere uheldig om silinga av traséane blir gjort før planprogram og full konsekvensutgreiing er gjennomført.

Jf. silingsrapporten er måloppnåing for ytre miljø i denne fasa målt med arealbeslag av fotavtrykket på dei ulike vegalternativa. Dette er ein skjematisk måte å vurdere påverkinga på naturmangfald på, då det direkte arealbeslaget i tillegg kan gi indirekte verknader gjennom nærføring av traséen til vassdrag, at leveområde for ulike artar blir splitta, viktige trekkruiter for vilt blir råka, eller restareal blir ståande att. Vi legg til grunn at det blir gjort vurderingar av den samla belastninga av vegtraséen i det vidare planarbeidet. Ei slik vurdering må som eit minimum gjerast på overordna nivå før endeleg trasé blir valt.

Gjennom planarbeidet må det søkast å finne løysingar som i størst mogleg grad skjermar viktige naturverdiar. Avbøtande tiltak må fastsettest i planen gjennom bruk av arealføremål, omsynssoner og føresegner. Der det ikkje er mogleg å unngå inngrep, bør det vurderast om planforslaget kan sikra kompensierende tiltak. Vi minner om prinsippa i naturmangfaldloven §§ 8-12, som jf. § 7 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. For avklaring av utgreiingstema og utarbeiding av planprogrammet syner vi til Miljødirektoratet si handbok for konsekvensutgreiing av klima- og miljøtema, M-1941.

Vassdrag

Traséen er lang og omfattar fleire vassdragskryssingar. To verna vassdrag ligg innanfor influensområdet til traséen: Bjerkreimsvassdraget og Figgjovassdraget. Vi syner til rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

Då den statlege kommunedelplanen blei vedtatt var det lagt til grunn store fyllingar i vassdrag som kan gi store konsekvensar. Vi ber om at det i detaljreguleringa blir søkt å finne løysingar som avgrensar den negative verknaden på vassdrag. Om mogleg bør det ikkje skje fysiske inngrep i vassdraga. Der det ikkje er mogleg må det finnast tilstrekkelege avbøtande tiltak. Inngrep i og ved alle vassdrag, med unntak av der NVE stiller krav om konsesjonsbehandling, vil krevje løyver etter vassressursloven og lakse- og innlandsfiskeloven. Statsforvaltaren er mynde for handsaming av søknader om inngrep i kantsona, jf. vassressursloven. For fysiske tiltak i vassdrag er mynde delt mellom fylkeskommunen og Statsforvaltaren. Statsforvaltaren er mynde på anadrom strekning.

Fleire vassdrag i influensområdet er anadrome, det er registrert elvemusling i vassdraga, og det vandrar ål i nokre av dei. Det er viktig at planarbeidet bygger på heilskapleg og oppdatert kunnskap. Vi syner til tidlegare brev sendt til Nye Veier om krav til metodikk m.m. for vidare undersøkingar av



vassdrag i planområdet. Brevet er vedlagt. Sidan dette brevet blei sendt er det og gjennomført elfiske i sidebekkar til Bjerkreimsvassdraget i regi av Sjørretprosjektet i Rogaland (2023). rapport frå dette arbeidet er tilgjengeleg i Vann-nett. Statsforvaltaren i Rogaland har og tatt eDNA-prøvar for sjekk av førekomst av elvemusling i Svelabekken i 2024. Det føreligg ikkje endeleg rapport frå dette arbeidet på noverande tidspunkt.

Vassdrag blir ikkje berre påverka av direkte og fysiske inngrep. Avrenning frå anleggsverksemd og masselager må og vurderast i planarbeidet. Det er viktig at føresegnene sikrar avbøtande tiltak i anleggsperioden og for drifta av veganlegget.

Vi minner om miljømåla i vassforskrifta §§ 4-7 og § 12 i vassforskrifta som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep i strid med miljømåla. Det er den aktuelle mynda for det omsøkte tiltaket som skal foreta vurdering etter § 12, både om § 12 kjem til bruk, og om vilkåra er oppfylt. Miljødirektoratet har nyleg publisert ein ny rettleiar om [Vassmiljø i arealplanlegging](#).

Klima

Vi syner til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, punkt 3.10 som seier at det skal tas omsyn til karbonrike areal, slik at desse areala sin kvalitet og evne til økosystemtenester, karbonlagring og klimatilpassing blir oppretthaldt.

Bevaring av myr og skog med høy bonitet er viktig for både klima, klimatilpassing og biologisk mangfald. Det vil derfor være konfliktfylt med inngrep i slike områder. Overordna informasjon om karbonrike areal i Rogaland, utarbeida av Rogaland fylkeskommune, er tilgjengeleg på Temakart-Rogaland, her: https://temakart-rogaland.no/apps/map/arealregnskap_rogaland

I planarbeidet må det utarbeidast eit klimarekneskap som syner prosjektet si påverking på klimagassutslepp. Vi syner til metodikk i Miljødirektoratet si handbok for konsekvensutgreiing av klima og miljøtema, M-1941. Det er mogleg å illustrere kostnadene for klimagassutslepp ved å berekne kostnad for karbonfangst av tilsvarande CO₂-mengde. Finansdepartementet er i gang med utgreiing av ei «avgift på klimagassutslepp ved irreversible arealendringar». Prissetting av klimagassutslepp kan derfor bli aktuelt i framtida.

Landskap

Ein relativt stor del av strekninga vil gå i tunnel, noko som vil redusere verknaden på landskapet på store delar av strekninga. Dagsonene, og særleg i kryssområda, vil likevel blir svært dominerande i landskapet. Tunnel gir og eit stort masseoverskot, og i silingsrapporten er det vist til ei rekke område for massehandtering. Slike område vil påverke både landskapet og andre verdiar i området. Vi syner til omtale av massehandtering lengre ned. Vi legg elles til grunn at landskapsverknaden blir utgreidd i tråd med Miljødirektoratet si handbok M-1941.

Folkehelse – støy, støv, nærmiljø m.m.

Vi legg til grunn at konsekvensane for dei som bur langs traséen blir del av den vidare utgreiinga. Både støy, støv og nærføring til nye område vil kunne påverke bebuarar i området. Samtidig vil ny trasé i større grad kunne skjerme tettstaden Vikeså. God tilrettelegging for kryssing på tvers av traséen for mjuke trafikantar der det er relevant, må sikrast. Ein firefelts veg vil vere ein stor barriere, og samankopling av bustadområde, friluftsområde og viktige målpunkt er viktig å ta i vare.



Innspel til dei ulike traséane

Det er gjennomført siling av alternative traséar i forkant av varsel om oppstart av planarbeidet.

Alternativ som blir utgreidd vidare er (med namn- og fargekoding):

- 2-1 (Blå) – Optimalisert linje i KDP-korridoren
- 3-1 (Rød) – Linje i KDP-korridoren med bru over Odlandshølen
- 3-2A (Grøn) – Linje i KDP-korridoren med tunnel under Odlandshølen
- 3-3 (Blå) – Linje utanfor KDP-korridoren med kryss ved Gjedrem
- 3-3A (Svart) – Linje utanfor KDP-korridoren med kryss ved Vikeså
- 4-1(Blå) – Tunnel Runaskaret

Sjå også kart under.



Figur 2 Kartutsnitt som viser dei ulike alternativa som skal undersøkast nærare.

Alternativa 2-1, 3-3 og 4-1 (altså den blå linja på alle tre delstrekningar) blir rangert som best for eit samansatt gjennomgåande alternativ. Delar av dette alternativet går utanfor den fastsette korridoren frå den statlege kommuneplanen. Justeringar av trasé frå kommunedelplanen er gjort mellom anna på bakgrunn av publisering av KULA-område for Rogaland i 2021, nye observasjonar av rovfugl i 2022 og kartleggingar etter Miljødirektoratet sin NiN-metodikk i 2023.

Delstrekning 2 Bilstad – Haugatjørn

På delstrekning 2 er det berre anbefalt eit alternativ for vidare utgreiing. Dette er ny veg på sørsida av dagens E39 i ein optimalisert løysing innanfor KDP-korridoren. Samanlikna med eksempellinja frå den statlege kommuneplanen, blir det ikkje behov for kryssing av Teksevatnet i dette alternativet.



I silingsrapporten er det trekt fram at alternativet har få konflikter med ikkje-prissette tema. Det er risiko knytt til alternativet grunna bratt terreng og risiko for skred. Vi legg til grunn at dette blir greia ut i det vidare planarbeidet, og at avbøtande tiltak blir sikra. Vi har elles ikkje ytterlegare merknader til vurderinga av alternativ på denne strekninga på noverande tidspunkt i planprosessen.

Delstrekning 3 Haugatjørn – Storrshei

I silingsrapporten er det anbefalt å greie ut fire alternativ på delstrekning 3 vidare:

- 3-1 (Rød) – Linje i KDP-korridoren med bru over Odlandshølen
- 3-2A (Grøn) – Linje i KDP-korridoren med tunnel under Odlandshølen
- 3-3 (Blå) – Linje utanfor KDP-korridoren med kryss ved Gjedrem
- 3-3A (Svart) – Linje utanfor KDP-korridoren med kryss ved Vikeså

På delstrekninga er det vurdert fleire ulike alternativ i KDP-korridoren. Alle desse kryssar Odlandshølen, anten over i bru, eller under i tunnel, og ligg så i dagsone over Holmen og Bjerkreimselva, og har kryss på Vikeså. Som alternativ til kryssing av Odlandshølen er det sett på eit alternativ lengre vest, utanfor KDP-korridoren. Dette alternativet har kryss på Gjedrem.

Vi registrerer at alternativa som unngår Odlandshølen er vurdert positivt med tanke på å unngå konflikt med naturmangfald, kulturarv, friluftsliv og landskapsbildet i området. Samtidig er det slik vi les rapporten større konflikter i Sveladalen for dei alternativa som ligg lengre vest, og dessutan større usikkerheit rundt konsekvensane av dei alternativa som ligg utanfor KDP-korridoren. Det er påpeikt at denne korridoren ikkje har same kunnskapsgrunnlag som den allereie undersøkte KDP-korridoren. Vidare utgreiingar for denne traséen kan derfor påverke rangeringa. Vi vil påpeike at det finns kunnskap om fleire viktige og svært viktige naturtypar kartlagt etter gammal DN handbok 13 i områda på Gjedrem, slik at det ikkje kan forventast at ein ny trasé lengre vest vil vere utan konflikter.

Vi understreker at vi ikkje har konkludert med om alternativ innanfor eller utanfor KDP-korridoren er å føretrekke på delstrekninga. Vi syner her og til innspelet vårt innleiingsvis om at fleire alternativ bør konsekvensutgreiast slik at det ligg føre eit tilstrekkeleg og samanliknbart grunnlag for val av alternativ.

Deltstekning 4 Storrshei - Bue

På delstrekning 4 er det igjen berre ein trasé som er anbefalt for vidare utgreiing. Alternativ 4-1 som er anbefalt for vidare utgreiing ligg i tunnel på delar av strekninga. Av omsyn til landskapet verkar dette som eit fornuftig grep, då det er svært trangt gjennom Runaskaret, samtidig les vi silingsrapporten slik at dette alternativet gir større utfylling i Runatjørna som er del av det verna Figgjo-vassdraget. Med tanke på skredrisiko og framkomme ved dårlig ver, er eit alternativ med tunnel vurdert som betre i dette området.

På delstrekning 4 er det også vurdert andre alternativ lengre vest, med tilkobling til kryss på Gjedrem i delstrekning 3. Det er slik vi les silingsrapporten ikkje anbefalt å gå vidare med utgreiing av desse alternativa. Områda som blir råka av eit slikt alternativ er ikkje nærare kartlagt, men alternativet vil mellom anna råke eit område med førekomst av sensitive artar og myrområde og ta meir av fulldyrka jord. På dette stadiet i prosessen verkar det rett å ikkje gå vidare med desse alternativa.

Tilførselsvegar

Vi syner til vår fråsegn til høyring av statleg kommuendelapln for E39 Bollestad - Lyngdal vest. I planarbeidet må nye tilførselsvegar avklarast, slik at den samla konsekvensen av planforslaget blir gjort greie for. Konsekvensar av nye tilførselsvegar må vurderast opp mot samfunnsnytta. Til dømes




vil samankobling av stamvegnettet og stamnetthamna på Eigerøy i Eigersund ha stor samfunnsnytte. For tilførselsvegar med mindre samfunnsnytte bør det vurderast bruk av dagens trasé langs E39, med tilkopling i framtidig kryss.

Masselager

Det er vist ei rekke område for masselager i silingsrapporten. Ut over vurdering av kapasitet og avstand frå veganlegget til masselager, kan vi ikkje sjå at det er gjort vurderingar av kor eigna områda er som masselager. Vi tar derfor ikkje nærare stilling til desse no.

Vi minner om at hovudprinsippet for massehandtering er reduksjon av masseoverskot, og samfunnsnyttig gjenbruk av dei massane som kan nyttast. Det bør derfor settast av tilstrekkeleg areal til sortering og handtering av massar i anleggsperioden i nærleiken av anleggsområdet. Desse områda må gå fram av reguleringsplanen. Vi syner til Regionalplan for massehandtering på Jæren. Planområdet for E39 frå Bue til Bilstad er ikkje omfatta av planområdet for regionalplanen, men prinsippa og retningslinjene i planen gir likevel nyttige råd og føringar for det kommande planarbeidet.



Figur 3 Kartutsnitt kor potensielle område for masselager er avmerkt saman med dei ulike alternative for framtidig vegtrasé.

Deponering av masser skal vere eit unntak. Det er likevel positivt at Nye Veier allereie no har i tankane å sjå på aktuelle område for gjenbruk og eventuell deponering av massar langs traséen. Vi legg til grunn at konsekvensane av masselager vert vurdert på same måte som for resten av prosjektet. Der massane blir nytta til jordforbetring i landbruket legg vi til grunn at dette er etter vurdering av eit reelt behov og med omsyn til andre verdiar. Restareal i landbruksområde, også «våte» område som er dyrka i dag, kan ha stor verdi for naturmangfald fordi dei skaper lommer av



natur i eit elles intensivt drive landbruksområde. Dette er viktig å ta med i vurderinga av områda si verdi for naturmangfald.

For å redusere faren for skadeleg avrenning til vatn og vassdrag bør det ikkje deponerast massar nært vassdrag eller våtmarksområde. Vi vil ikkje anbefale at det blir arbeida vidare med alternativ som inneber større utfyllingar i vassdrag enn det som er høgst nødvendig for å etablere veganlegget. Vi minner og om at myrområde har stor verdi både som naturområde, for overvasshandtering og som karbonlager.

Samfunnstryggleik og beredskap

Det er gjennomført ei innleiande farekartlegging på eit overordna nivå, tilpassa prosjektfasen. Føremålet med kartlegginga har vært å skilje mellom ulike alternativ med omsyn på samfunnsstryggleik og gi ein indikasjon på om dei ulike linjealternativa er eigna for utbygging. Vurderinga er gjort opp mot sårbarheit ved identifiserte uønska hendingar som kan påverke liv, helse, framkomme eller akutte miljøskader. Det er ikkje vurdert sannsyn eller konsekvens. Tema som er vurdert i analysen omfattar *naturfare, trafikktryggleik, tilgjenge, samfunnsviktige objekt, og miljøfarar*.

Vi registrerer at naturfare (flaum og skred), framkomme for utrykkingskøyretøy i anleggsperioden og skade på miljø, særleg i anleggsperioden, er identifisert som utfordrande problemstillingar i planarbeidet. Vi legg til grunn at det blir utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse iht. plan- og bygningslova § 4-3 i samband med planarbeidet. Vi syner og til fråsegn frå NVE og Mattilsynet.

Medvirkning

Vi syner til plan- og bygningslova sine krav til medverking. Vegprosjektet er av stor samfunnsinteresse og rår mange. Det bør leggst opp til informasjon og medverking ut over minimumskrava i plan- og bygningslova.

Barn og unge si medverking bør sikrast spesielt i det vidare planarbeidet, og dette bør skje så tidleg som mogleg, og før planen blir lagt fram til høyring. Plan- og bygningslova, RPR for barn og planlegging og Barnekonvensjonen pålegg dei ansvarlege å høyre barn i saker som rår dei. Det er ikkje tilstrekkeleg å gjere dette gjennom organisasjonar. Det skal leggst til rette spesielt slik at barn kan forstå planen og dei tema som har relevans for dei. Det kan dreie seg om trafikktryggleik, bruk av offentleg transport, bruk av friluftsområde og liknande.

Vi ønsker lykke til med vidare arbeid, og vil kome med ytterlegare innspel til utgreiingstema og planarbeidet når vi får planprogram på høyring.

Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)
ass. statsforvalter

Cathrine Stabel Eltervåg
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
NYE VEIER AS	Kjøita 6	4630	KRISTIANSAND S
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL